

Flott innsats av J11-laget også.

05.06.2017



Jublende jenter(J11) på Bø Sommarland Cup.

Vi skreiv i går om J13-laget til Uskedalen som spela seg heilt fram til finalen i Bø Sommaland Cup. Det var også 3 andre Uskedalslag med i denne cupen, og vi har fått inn rappoertar frå J11-laget som gjorde ein strålande innsats. Vi ønskjer også bilde og rapport om dei to resterande laga så vil vi leggja det til her.



[Turneringa vart spela i Telemarkshallen.](#)

J11 spela mot Kvelde il og Ullern superjenter laurdag, og mot Gjerstad il søndag. Laurdag tapte dei første kamp mot Kvelde med 1-3, men i den andre kampen vart det ein solid 5-2 siger mot Ullern. I søndagens kamp vart det uavgjort 1-1 mot Gjerstad. Det var ikkje sluttspel i dei yngste klassane.

Ein av trenarane til dette laget, Hege Lekva, fortel at desse jentene har hatt ei flott utvikling denne våren, og i turneringa i Bø, som føregjekk i den flotte Telemarkshallen, spelte dei nokre veldig bra kampar. Jentene var svært fornøgte etter helga i Bø.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Hege Lekva